



HOLON ARKITEKTUR AS
Kanalveien 11
5068 BERGEN

Dato: 05.11.2019
Vår ref.: 2019/17523-5
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Att. Sunniva Skålnes Samdal

Fråsegn - Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Kvassnesbakken i Knarvik - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 25.9.2019 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Kvassnesbakken. Hovudføremålet med reguleringa er bustad som i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi rår tiltakshavar til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere konfliktområda og om mogeleg finne løysingar som kan minske konfliktpotensialet før planen vert lagt fram til høyring.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. Vi ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at planområdet vil vere sikra trafikksikker tilgang til viktige målpunkt, som til dømes kollektivtilbod og skule. Vi minner om at Regional areal- og transportplan for Bergensområdet har følgjande retningslinje: *5.4 Nye større bustadområde (15 eininger) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskole og til kollektivstopp.*

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på trafikktryggleik.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

LINDÅS KOMMUNE